

Saksbehandlar: Lena Merete Søderholm, Næringsavdelinga
Sak nr.: 14/5785-2

Høyring - forslag til forskrift om adgang til å delta i Kystfartøygruppas fiske for 2015, med særleg vekt på oppheving av fylkesbindingar

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar ei oppheving av fylkesbindingane, jf. forslag 1 i høyringa.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Høyringsutkast frå Fiskeridirektoratet om «Forslag til forskrift om adgang til å delta i kystfartøygruppens fiske for 2015»

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Fiskeridirektoratet har sendt ut høyringsutkast om «Forslag til forskrift om adgang til å delta i kystfartøygruppens fiske for 2015». Svarfrist er 1. november.

I utgangspunktet vert det lagt opp til at gjeldane reglar vert vidareført, men det er ei særleg oppmoding til høyringsinstansane om å vurdere regelen om fylkesbinding for konvensjonelle havfiskefartøy.

Den konvensjonelle havfiskeflåten er fartøy som er tildelt deltakaradgang etter deltakerforskrifta §§ 8-9. Denne gjev adgang til å fiske etter torsk, sei og hyse mv. med havfiskefartøy som fisker med anna reiskap enn trål og not. Fartøygruppa nyttar oftast autoline som reiskap (også omtalt som autolinegruppa eller banklinegruppa). Den konvensjonelle havfiskeflåten består i dag av 27 deltakaradgangar, der 15 er heimehøyrande i Møre og Romsdal, 11 i Sogn og Fjordane og ein i Finnmark. Av dei 27 deltakaradgangane er 22 knytt til fartøy, medan dei resterande fem er i utskifting.

Sentrale problemstillingar

Fiskebåt ber i brev datert 30. juli 2014 om at Nærings- og fiskeridepartementet om å opne opp for at konvensjonelle havfiskefartøy mellom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal kan omsettast uavhengig av fylkesgrensene, jf. gjeldane regel om gjeldane fylkesbinding for fartøygruppa.

Fiskebåt er ein interesse- og arbeidsgivarorganisasjon for den norske havfiskeflåten.

Fylkesbindinga inneber at kjøper og seljar av fartøyet må vere ført i fiskarmanntalet i same fylke i minst 12 mnd. før kjøpet vert gjennomført. Unnataket er når kjøpar ikkje skal nytte strukturkvoteordninga (dvs. ikkje skal overta strukturkvotane til fartøyet som skal kjøpast), eller at kjøpar har vore buset i fylket i minst 12 månader. Fylkesbindinga gjeld heller ikkje ved dødsfall, og det kan også gjevast dispensasjon for fylkesbindinga ved generasjonsskifte.

Forslaget frå Fiskebåt inneber at fylkesbindinga heller ikkje skal gjelde for kjøp av fartøy mellom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Dette vil i så fall bety at det berre vert det eine fartøyet som er registrert i region Finnmark som vil vere omfatta av fylkesbinding. Det vil difor vere spørsmål om det er klokt å oppretthalde ein regel som berre retter seg mot dette eine fartøyet med tilknytning til Finnmark.

I høyringsframlegget er det skissert tre ulike alternativ, og Fiskeridirektoratet ber høyringsinstansane uttale seg om det alternativet dei støtter:

1. Fylkesbindingane vert oppheva i si heilheit for gruppa av konvensjonelle havfiskefartøy
2. Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane vert slått saman til eitt område for denne gruppa
3. Det vert ikkje gjort endringar i gjeldande regelverk, noko som inneberer at regelen om fylkesbinding for konvensjonelle havfiskefartøy vil bestå.

2. Vurderingar og konsekvensar

Regjeringa har det siste året sett i verk fleire tiltak som eit ledd i å forenkle og fjerne byråkratiet og styrke konkurransekrafta til m.a. fiskeri- og havbruksnæringa. Denne høyringa kan sjåast på som eit tiltak for å forenkle regelverket til konvensjonell havfiskeflåte i bl.a. Sogn og Fjordane fylke.

Høyringa tek utgangspunkt i eit forslag frå Fiskebåt om å oppheve fylkesbindingane for konvensjonelle havfiskefartøy mellom Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Fylkesbindinga betyr at kjøpar og seljar av eit fartøy må vere ført i fiskarmanntalet i same fylket i minst 12 månader før kjøpet kan finne stad

Den konvensjonelle havfiskeflåten (lineflåten) er i all hovudsak lokalisert til Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, med unnatak av ein båt i Finnmark. Forslaget til Fiskebåt inneber at Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane vert sett på som eitt område ved kjøp og sal av konvensjonelle havfiskefartøy, dvs. at havfiskefartøya kan omsettast fritt mellom fylka utan bindingar i regelverket. Fylka Østfold, Akershus, Oslo, Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland vert vurdert som eitt område i kvotesamanheng. Det same gjeld fylka Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag. For dei andre er det fylkesgrensene som er gjeldene.

Fylkesbindingane har ved enkelte høve hindra ei praktisk og fornuftig omsetting av fiskefartøy mellom dei to Vestlandsfylka. Ei oppheving av fylkesbindingane mellom fylka Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal vert derfor vurdert som positivt.

Også Sogn og Fjordane Fiskarlag er positive til framlegget frå Fiskebåt.

Konsekvensen av å slå saman dette området er at det eine fartøyet frå Finnmark vil vere det einaste fartøyet igjen som er omfatta av fylkesbindingane i konvensjonell havfiskeflåte. Eksisterande regelverk gjev allereie Nord-Troms og Finnmark dispensasjon frå fylkesbindingane ved kjøp av fartøy til desse fylka, medan fylkesbindingane slår inn ved sal av fartøy ut av fylka.

Det vert vurdert som lite hensiktsmessig å oppretthalde fylkesbinding for berre eitt fartøy, samtidig vert det vurdert som positivt at fartøy frå den konvensjonelle havfiskegruppa kan omsettast fritt over heile landet.

3. Konklusjon

Ei oppheving av fylkesbindingane mellom fylka Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal vert vurdert som positivt. Det vil vere lite hensiktsmessig å oppretthalde fylkesbinding for berre eitt fartøy i

Finnmark, og fylkeskommunen meiner at fartøy frå den konvensjonelle havfiskegruppa bør omsettast fritt over heile landet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar ei oppheving av fylkesbindingane i si heilheit for konvensjonelle havfiskefartøy jf. forslag 1 i høyringa.